



## Møteprotokoll for Eldrerådet

**Møtedato:** 26.06.2019

**Møtestad:** Kommunehuset

**Møtetid:** 13:00 - 14:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Inger Jåstad	Krf	Medlem
Karstein Totland	H	Medlem
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Ingunn Einestrød		Medlem
Terje Myrvang	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Bjørg Kvindedal		Ingunn Einestrød

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Assisterande rådmann Sveinung Toft og lærling Camilla Hjelmeland som førte møteboka

---

### Sakliste

Saknr	Tittel
004/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
005/2019	Godkjenning av møtebok
006/2019	Referatsak
007/2019	Referatsak
008/2019	Drøfting knytt til utkøyring av strøsandsekker til eldre folk i Masfjorden
009/2019	Gebyrer knytt til einslege minstepensjonistar i Masfjorden kommune

## **004/2019: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

### **26.06.2019 ELDRERÅDET**

Tillegg til saksliste : Ordning med Strøsand

Printe ut brev om reduserte kommunale avgiftar for einslige eldre i kommunen

### **ER - 004/2019 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjend**

---

## **005/2019: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

### **26.06.2019 ELDRERÅDET**

Møtebok godkjent med følgjande kommentar:

Spørsmål til sak 003 punkt 2 frå førre møte: Spørsmål om snørydding for eldre. Eldrerådet ynskjer at det kjem fram ei eiga sak i kommunestyret om ordning med snørydding frå bustad til bilveg for eldre og andre som har bruk for slik hjelp.

### **ER - 005/2019 VEDTAK:**

**Møtebok godkjent med følgjande kommentar:**

**Spørsmål til sak 003 punkt 2 frå førre møte: Spørsmål om snørydding for eldre. Eldrerådet ynskjer at det kjem fram ei eiga sak i kommunestyret om ordning med snørydding frå bustad til bilveg for eldre og andre som har bruk for slik hjelp.**

---

**006/2019: Referatsak**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Referatsaker vert tekne til orientering

**26.06.2019 ELDRERÅDET**

Møteprotokoll frå fylkeseldrerådet 14.03.19 vart tatt til vitring

**ER - 006/2019 VEDTAK:**

**Referatsaker vert tekne til orientering**

---

## **007/2019: Referatsak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Referatsaker vert tekne til orientering.

### **26.06.2019 ELDRERÅDET**

1. Frivillighetssentralen og eldresenter i kommunen
2. Brev til eldrerådene LEVE HEILE LIVET april 2019
3. Møteprotokoll fylkeseldrerådet 11.04.19
4. Saksliste til møte i fylkeseldrerådet 19.06.19
5. Drøfting knytt til utkøyring av strøsandsekker til eldre folk i Masfjorden
6. Gebyrer knytt til einslege minstepensjonistar i Masfjorden kommune

Sakene blei drøfta.

Framlegg frå Inger Jåstad

Eldrerådet rår kommunen til å ta kontakt med dei 3 pensjonistlaga, for å få til ei funksjonell ordning, slik at eldre har strøsand før vinteren set inn.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

### **ER - 007/2019 VEDTAK:**

**Eldrerådet rår kommunen til å ta kontakt med dei 3 pensjonistlaga, for å få til ei funksjonell ordning, slik at eldre har strøsand før vinteren set inn.**

---

## **008/2019: Drøfting knytt til utkøyring av strøsandsekker til eldre folk i Masfjorden**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Eldrerådet rår kommunen til å ta kontakt med dei 3 pensjonistlaga, for å få til ei funksjonell ordning, slik at eldre har strøsand før vinteren set inn.

### **26.06.2019 ELDRERÅDET**

Saka vart drøfta.

Pensjonistlaga tar i mot sekker og organiserar tre plassar i kommunen der ein kan henta strøsand. Kommunen kjøper inn og deler ut til pensjonistlaga. Kvart pensjonistlag får x antall sekker. Kommunen sender ut brev til leiarane i laga, og dei kontaktar kommunen. Kommune finn ein modell for betaling.

Framlegg til vedtak frå Eldrerådet:

Pensjonistlaga tar i mot sekker og organiserer tre plassar i kommunen der eldre kan henta strøsand. Kommunen kjøper inn og deler ut til pensjonistlaga. Det vert sendt ut brev til leiarane i laga om opplegget og kva den einskilde må betale for støsanden.

Framlegg til vedtak vart samrøystes

### **ER - 008/2019 VEDTAK:**

**Pensjonistlaga tar i mot sekker og organiserer tre plassar i kommunen der eldre kan henta strøsand. Kommunen kjøper inn og deler ut til pensjonistlaga.**

**Det vert sendt ut brev til leiarane i laga om opplegget og kva den einskilde må betale for støsanden.**

---

## **009/2019: Gebyrer knytt til einslege minstepensjonistar i Masfjorden kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Til MASFJORDEN ELDRERÅD.

Bør Masfjorden kommune ha endra profil på kommunale avgifter for minstepensjonistar?

Leiar i Nordbygda pensjonistlag har fått innspel frå einslege pensjonistar om at dei kommunale avgiftene for bueiningar no pressar privatøkonomien. Det er ei kjend sak at kjøpekrafta for pensjonistar har gått ned dei siste fire åra. Med stigane prisar og avgifter er det i ferd med å verta eit misforhold mellom inntekt og utgifter.

Ein kan spørja seg om dette er spesielt for Masfjorden. Svaret kan vera både ja og nei. Ein trend i tida er at det vert fleire som har åleinehushald. Det er kanskje berre ein mindre del som er pensjonistar. For Masfjorden er dette ei gruppe som har merka seg ut.

PÅ 1950 og 60-talet var anleggsaktiviteten svært høg blant anna i Matre og Haugsdalsfjella. Det vanlege var i nystarta familiar at det var mannen som tok del i arbeidslivet ute, medan kona tok seg av born og gjerne eit småbruk. Det var arbeid som den gongen ikkje gav pensjonspoeng. I anleggsarbeid var det vanleg med vekependling, og stundom var mennene borte i lengre periodar.

Anleggsarbeidarane hadde bra inntekter, og mange av dei bygde seg etter kvart hus i denne perioden. Desse husa hadde ein langt dårlegare isolering enn dagens krav, og har difor høgare fyringsutgifter med dagens straumprisar.

Det kan og vera andre grunnar til å vera minstepensjonist. Ein del kvinner kom etter kvart med i arbeidslivet, men dette var ofte delstillingar (under 50%) som ikkje gav pensjonspoeng.

For mange i arbeidslivet var krava til helse, miljø og sikkerheit (HMS) tilnærma fråverande samanlikna med i dag. På anlegg og i tunnelane var der mykje støy og støv. Dette var nok grunnen til at enkelte av arbeidarane døde så alt for tidleg. Tilbake set dei som brukte livet sitt på born og heim, utan opparbeidde pensjonspoeng. No har dei ansvar for gjerne ein litt større bolig som krev både vedlikehald og oppvarming i tillegg til høge kommunale avgifter som tyngjer. Lengre reiser til nærbutikk, tannlege og legevakt må og vera med i reknestykket.

Nordbygda pensjonistlag har handsama innspelet og meinar eldrerådet bør peika på dei utfordringane einslege minstepensjonistar står overfor. I dette bildet kjem og at kommunen satsar på velferdsteknologi slik at ein skal kunna bu i eigen bolig lengst mogeleg.

Nordbygda pensjonistlag ber difor om at Masfjorden kommunen utreda ein redusert sats for einslege minstepensjonistar. Dette gjeld først og fremst avgifter på vatn, kloakk, feieavgift, og boss. Utredninga bør vera ferdigstilt før årsbudsjettet 2020 for Masfjorden kommune skal vedtakast.

### **26.06.2019 ELDRERÅDET**

Eldrerådet ynskjer at nokon kjem inn på eit møte og informerer om bustøtte og diverse. Orienteringsmøte, samarbeid med pensjonistane og eldrerådet om støtteordningar med meir.

Framlegg til vedtak frå eldrerådet:

Eldrerådet ber om at kommunen i samarbeid med pensjonistlaga og eldrerådet syter for å organisere

informasjonsmøte om støtteordningar for bustøtte med vidare.

**ER - 009/2019 VEDTAK:**

**Framlegg til vedtak frå eldrerådet:**

**Eldrerådet ber om at kommunen i samarbeid med pensjonistlaga og eldrerådet syter for å organisere informasjonsmøte om støtteordningar for bustøtte med vidare.**

---

Rett utskrift frå møteboka frå Eldrerådet 26.06.19 vert vitna:

---

Inger Jåstad  
nestleiar i Eldrerådet

---

Karstein Totland  
medlem i Eldrerådet